

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

19.04.2013

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag, den 25. april 2013 kl. 14.00
møterom ikkje tildelt

SAKLISTE:

- Sak 09/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 6. mars 2013
- « 10/13 - Vidare oppfølging av rådmannen si handtering av derivatkontraktar mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank ASA
- « 11/13 - Drøfting av vedteken plan for selskapskontroll – eventuell prosjektskisse m.m.
- « 12/13 - Sensitive personopplysningar på kommunen si heimeside
- « 13/13 - Oppfølging av politiske vedtak
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 6. mars 2013, kl.14.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevarane Svein Ove Otterlei og Kurt Løvoll .

Frå Sykkylven kommune møtte rådmann Ole Johan Lillestøl og økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 01/13, 02/13, 03/13 og 08/13.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. NOVEMBER 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 22. november 2012 blir godkjent.

SAK 02/13

**OPPFØLGING AV DERIVATKONTRAKTAR MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG
NORDEA BANK ASA**

Saksdokument datert 27.02.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert i saka.

SAK 03/13

ORIENTERING OM KOMMUNEREKNESKAPEN – 2012 SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument datert 27.02.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/13

ORIENTERING OM REGELENDRINGAR

Saksdokument datert 27.02.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/13

TILTAK I STRANDSONA PÅ SÆTRE, IKORNES – KOMMUNEN SITT TILSYN OG KONTROLL I MEDHALD AV PLAN-OG BYGNINGSLOVA

Saksdokument datert 25.02.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. I tillegg til høyringssvaret av 07.05.2012 frå rådmannen er det motteke nye faktiske opplysningar frå Nærings-og utviklingsutvalet sin leiar, samtidig som meir fullstendig informasjon er innhenta frå m.a. fylkesmannen
2. Kontrollutvalet har ikkje merknader til kommunen si behandling av saka som elles er å sjå på som avslutta frå kontrollutvalet si side.

SAK 06/13

ORIENTERING FRÅ KONTROLLUTVALKONFERANSEN

Nestleiar i kontrollutvalet Sigmund Valbø , orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/13

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument datert 27.02.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Ein selskapskontroll inn mot dei selskapa der Sykkylven kommune er deleigar saman med andre kommunar, blir å koordinere med dei andre eigarane og særskilt kontorkommunen. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvaltningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Denne vurderinga blir i første omgang gjort av kontrollutvalet i kontorkommunen. Selskapa er:

1. Ålesundregionens Interkommunale Miljøselskap IKS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)
2. Sykkylven Bustadselskap AS
3. Storfjordterminalen AS
4. Sykkylven Energi AS
5. Sykkylven Eignedomsutvikling AS
6. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
7. Sunnmøre regionråd IKS
8. Åknes/Tafjord Beredskap IKS

SAK 08/13

PROSJEKTSKISSE FORVALTNINGSREVISJON – DRØFTING

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
medlem
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 18.04.2013

**SAK 10/13
VIDARE OPPFØLGING AV RÅDMANNEN SI HANDTERING AV
DERIVATKONTRAKTAR MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG NORDEA
BANK ASA**

Som vedlegg følger:

- Brev av 7. mars 2013 til Finanstilsynet frå rådmannen i Sykkylven kommune

Bakgrunn for saka

Temaet var oppe til behandling i sak 41/12 – det blir vist til denne. Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka blir å oversende til rådmannen.

Temaet var også oppe i sak 02/13 og vedtaket var dette:

Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert i saka.

Som rådmannen sitt brev nemnt ovanfor viser, skjer det lite i saka. Spørsmålet er om saka i det heile får ei avklaring.

Temaet for denne saka er den rettslege stillinga mellom kommunen og Nordea Bank Norge ASA i eigenskap av avtalepartar. Dette er spørsmål som langt på veg vil kvile på bankfaglege og juridiske vurderingar. Det er naturleg at kommunen som skadeliden og tapande part prøver å få løyst problemet.

Utgangspunktet var at kommunen var interessert i å oppnå rentesikringsavtalar, men sit att med spekulasjonsavtalar som medførte tap og risiko for meir tap. Når reglane synest å vere brotne er det prinsipielt viktig at den avtaleparten kommunen burde kunne stole på, får høve til å svare for dei feila som er gjort.

Det kjem fram at banken har klassifisert Sykkylven kommune som "Ikke-profesjonell" i høve til det såkalla MiFiD-regelverket som går fram av verdipapirforskrifta. I eit eige brev datert 11.03.2011 har banken bekrefta at Sykkylven kommune skulle få "største grad av informasjonssikkerhet" i samband med inngåing av avtalane.

Dette er eit investorvern som kommunen dessverre gjekk glipp av. Svikten skjedde truleg på grunnlag av feil og dårlege kvalitetssikra rutinar hjå Nordea Bank Norge ASA. Like sannsynleg synest det å vere at dersom den lov-og forskriftsfesta informasjonen var blitt gitt, så ville både administrasjonen og politikarane i Sykkylven kommune kunne ha vurdert avtalane på ein annan måte. Sykkylven kommune sine eigne feilgrep i denne saka har vore til behandling tidlegare og eg vil ikkje kome inn på desse no. Kommunen er den svake parten i denne saka og har krav på vern frå banken si side.

Ut frå at Nordea Bank Norge ASA er eit verdipapirføretak, som på visse vilkår har konsesjon til å drive slik verksemd, var det naturleg å innrapportere av denne svikten til bankane sitt tilsynsorgan, Finanstilsynet – noko som også vart gjort.

Etter kvart som tida går og saka blir eldre, er det naturleg at kontrollutvalet vurderer om den valgte framgangsmåten for å løyse saka er den rette. Dette må kunne drøftast i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



SYKKYLVEN

Rådmannen

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 12.03.2013
Vår ref.: 2012/1384-3779/2013
Klassering: 202

Saksbeh.: Arild Bergström
Telefon: 70 24 66 00

Vedkomande oppfølging av derivatkontraktar

Det vert synt til Sykkylven kontrollutvals vedtak i sak 02/13:

Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert i saka.

Vi har sendt nytt brev til Finanstilsynet. Kopi av brevet følgjer som vedlegg.

Med helsing



Arild Bergström
økonomisjef

Vedlegg:

1 Vurdering av kommunanes finansielle avtalar



Sykkylven kommune
Rådmannen

Finanstilsynet
Postboks 1187 Sentrum
0107 OSLO

Dykkar dato: 13.02.2013
Dykkar ref.: 13/403

Vår dato: 07.03.2013
Vår ref.: 2012/1384-3608/2013
Klassering: 202

Saksbeh.: Arild Bergström
Telefon: 70 24 66 00

Vurdering av kommunanes finansielle avtaler

Sykkylven kommune er kjent med at De i desember i fjor avgjorde å undersøke finansielle avtaler inngått i norske kommunar.

I samanheng med dette sendte vi 28. desember f.å. over til Dykk vårt kontrollutvalssekretariats vurdering av avtalane opp mot Mifid-regelverket.

Vi ber om å få opplyst når Finanstilstynet ventar å konkludere i saka og ber også om å få oversendt konklusjonen.

Med helsing

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Arild Bergström
økonomisjef

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 18.04.2013

**SAK 11/13
DRØFTING AV VEDTEKEN PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – EVENTUELL
PROSJEKTSKISSE M.M.**

For nærare opplysningar om temaet og kva som er vedteke blir det vist til sak 07/13. Det blir lagt opp til å drøfte ulike innspel knytt til prosjektskisse og andre forhold.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 18.04.2013

**SAK 12/13
SENSITIVE PERSONOPPLYSNINGAR PÅ KOMMUNEN SI HEIMESIDE**

Kontrollutvalet har blitt kjent med forholdet. Temaet har også vore kommentert i Sunnmørsposten. Det er ikkje tvil om at slike saker er svært uheldige for dei som blir ramma. Det er heller ikkje tvil om saker som dette også er uheldig for kommunen sitt omdøme og den almenne tilliten til Sykkylven kommune.

Kontrollutvalet blir invitert til å drøfte problemet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 18.04.2013

**SAK 13/13
OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Det har blitt sendt forespørsel til kommunen om å få oversendt siste oversikt over kommunen sin egenkontroll med oppfølging av politiske vedtak.

Denne oversikten kan bli gjennomgått i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar